

NVE

Bjerkreim Bondelag
v/Bente Gro M. Slettebø
Heiavegen 555A
4387 Bjerkreim

31.03.17

Uttale frå Bjerkreim Bondelag ang konsesjonssøknad for bygging av Øvre og nedre Lanes kraftverk

Bjerkreim Bondelag er uroa over konsesjonssøkjars framferd overfor grunneigarane i området dei søker om konsesjon i. Bondelaget er opptekne av grunneigarane sine rettar.

Bondelaget vil be NVE om å sikra at konsesjonssøkjars, i framtida, opptrer ryddig, med vekt på informasjon, samarbeid og løysingar grunneigarane kan leva med. Ved ein evt konsesjon må NVE stilla krav til Småkraft AS på dette området.

Grunneigarane vil verta påverka i stor grad om det vert gitt konsesjon. Ikkje minst mtp tilkomst til beiteområde og dyrka jord, men sjølve beitesesongen og dyra som skal opphalda seg der. Grunneigarane sine behov må koma i fyrste rekkje. Grunneigarane må sikrast eit godt utkome av dette, anten i form av erstatning eller tilrettelegging/jordbearbeiding som vil auka verdien på garden - ikkje svekka den.

Bjerkreim har eit stort potensiale i den auka turistmengda. Det er viktig at moglegheitene på gardane ikkje vert forringa av utbygging. Me nemner jakt, fiske og anna friluftsliv.

Bjerkreim Bondelag ber om at det vert utreda om ei kraftutbygging vil verta skadelidande av eit evt drikkevassuttak frå Store Myrvatn. Om kraftutbygginga vert påverka av dette vil Bjerkreim Bondelag frarå konsesjon. Store Myrvatn kan dekkja drikkevassbehovet til IVAR IKS sine kundar, og me vil ikkje at noko skal stå i vegen for den moglegheiten. Bondelaget ber i tilfelle om ein garanti for at ei utbygging ikkje hindrar drikkevassuttak.

Helsing

Bjerkreim Bondelag

v/ leiar Bente Gro M. Slettebø